

**Notat**Dato: 17.11.2014  
Arkivsak: 2014/21925-7  
Saksbehandlar: josaksd

---

**Til:** Hanne Kathrin Vie

---

**Frå:** Jostein Aksdal

---

**Moglege konfliktpunkter med omsyn til kulturminneverdiar og kommuneplan for Voss arealdelen**


I samband med forslag til arealdel til kommuneplan for Voss er det fleire punkter som vil kunne koma i konflikt med nasjonale kulturminneverdiar. Ut i frå vedlagt konsekvensvurdering er det forslag om ny arealbruk som ikkje er tilstrekkeleg vurdert eller er i direkte konflikt med nasjonale kulturminneverdiar.

**Bømoen – vedtaksfreda**

Forskriftsfreda bygga. «Formålet med bevaringen på Bømoen er å ta vare på den opprinnelige leirstrukturen og bygningene fra den eldste perioden i leirens historie med noen få unntak.»


Bjørkemoen R2 – problematisk opp i mot Bømoen leir.

- *Føreslått tatt med i KPA*



**Hylle og Bjørkemoen R4 a, b og c -**  
**Areal a** kulturmark ligg svært nær opp til Ygre stasjon som har fredingsstatus  
**Areal b** ligg i konflikt med fornminne gravhaugar ID 66559 og har stor potensiale for nye funn.  
**Areal c** ligg i konflikt med Id 169911 gamle Raundalsvegen (Saltvegen) og i nærføring til Id 169930 som er hulveg og brufeste til samme veg.

- *Ikkje føreslått med i KPA*



### Ygre stasjon- vedtaksfreda

Fredningsvedtaket omfatter stasjonsbygninga, uthusbygninga og eit avgrensa område rundt bygningane. Området rundt den samla freda bygningsmassen er regulert til omsynsone med formål *vern*.

### Slettafjellet – Nyaset L1,


Etablering av hytte og friluftsområder gjev store konsekvensar for kulturminne og kulturlandskap. Konsekvensvurderinga er ikkje tilstrekkeleg på dette området og innstilling om krav til ny veg og infrastruktur i KU er for dårleg til å kunne vurdere kulturverdiane som eit heile i Dyrvedalen.

- *Er foreslått å ta med i KPA*



**Kyte (1-3)** Område for travbane ligg rett sør for ei samling av gravminne Id 64250. Området nord og vest for gravminna er bustadtomter og etablering i sør kan føra til negative konsekvensar.

- *Er foreslått å takast med i KPA*




**Rekve (B5)** Forslag til bustadtomter ligg då rett sør for Id 60503 – direkte konflikt og utilbørleg skjemma

- *Foreslått å takast med i KPA – ingen plankrav*




**Bjørke B 6** – nytt bustadfelt tenkt etablert rett sør for Id 60489, viser eit potensiale for kulturminnekonfliktar sjølv med reguleringsplan.

- *Føreslått tatt med i KPA*



**Raaberget (B11)** kjent kulturminne i forslag til bustadområde. I dag er det delvis dyrka mark her, delvis skog. Potensiale for fleire kulturminne og kulturminnet kan bli liggande klemd inne mellom bygg og dyrka mark.


- *Føreslått tatt med i KPA*



### Hellesnes B19

Tidlegare motsegnspunkt til forrige plan, no lagt fram med inntil 70 einingar, midt i planarealet ligg då Id 60497

- *Ikkje føreslått tatt med i KPA,*



### Lydvo B 55

Lydvaloftet er eit stort loft frå mellomalderen, med eit lafta rom i kvar høgde og innkleddede svaler på sidene. I andre høgda er ein rikt utforma portal med restar av måla dekor. Loftet stod opphavleg i tunet på garden Lydvo. Ved utskiftinga i 1909 vart det kjøpt av Fortidsminneforeningen og flytta til noverande tomt. Lydvaloftet er automatisk freda.

- *Føreslått tatt med i KPA*

